Familiemedlemmer: Slektingar i rett opp- eller nedstigande line og søsken av brukar(ane).	Type arbeidskraft	Kjønn		Timeverk				
	Familie- medlem	Fast hjelpe	Mann	Kvinne	I jord- og hagebruk	I skogbruk	I tilleggsnæringer, jf. spm. 55	I alt
1	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>						
2	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>						
3	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>						
4	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>						
5	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>						
Tilfeldig hjelpe (ikkje famili- medlemmer)	Tal menn	Tal Kvinner	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>				

60. Er det leigd inn sjølvstendig næringsdrivande eller firma til arbeid innan jordbruk og hagebruk siste 12 månader?

Ja → spm. 61
Nei → Avslutt

61. Innleige av sjølvstendig næringsdrivande eller firma siste 12 månader. Før opp tal timeverk. Sjå rettleiinga.

- Til løpende drift/produksjon
- Til vedlikehald av driftsbygninger (ikkje våningshus)
- Til nyanlegg av driftsbygninger (ikkje våningshus)
- Til grøfting og nydrykning

Timeverk
<input type="checkbox"/>

Returadresse (passar i vindaugelet på svarkongolutten):

Dato: Underskrift:



Jordbrukssteljing 31. juli 1999 - Informasjon og rettleiing

Korleis fylle ut skjema

Skjema vil bli lest maskinelt (optisk lesing), og det er difor viktig med ei nøyaktig og tydeleg utfylling. **Bruk blå eller svart penn.** Fyll ut skjemaet fortløpende etter nummereringa på spørsmåla. Bak ein del ja/nei-spørsmål er det gitt opp kva spørsmål det skal svarast på vidare (→ spm. 19), slik at ein slepp å lese spørsmål det er uaktuelt å svare på. Sjå eksempel nedanfor under punkt 1.

Set kryss slik: og ikkje slik: Dersom kryss i feil rute:

Skriv tal slik:

1 2 3 4 5 6 7 8 9 0

Skjemaet inneholder tre typar svaralternativ:

- Spørsmål som skal svarast på med eitt kryss. Merk at svaralternativa *heng saman*.

Ja <input checked="" type="checkbox"/>	→ spm. 18	Tohjuls-trekk <input type="checkbox"/>	Firehjuls-trekk <input checked="" type="checkbox"/>
Nei <input type="checkbox"/>	→ spm. 19	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

- Spørsmål der det kan kryssast av for *fleire* alternativ. Merk at svaralternativa *ikkje heng saman*.

Storfe <input type="checkbox"/>	Sau <input checked="" type="checkbox"/>	Geit <input checked="" type="checkbox"/>	Svin <input type="checkbox"/>	Fjørfe <input checked="" type="checkbox"/>
---------------------------------	---	--	-------------------------------	--

- Spørsmål der det skal givast tal eller mengde. Ver merksam på felt der det skal givast opplysning med ein desimal.

<input type="text"/>	m ²	<input type="text"/>	,
----------------------	----------------	----------------------	---

Eksempel:

Eig rundballepresse åleine
Eig 1/3-del av rundballepakkar

1 , 0
0 , 3

Styremerka () vert nyttta ved maskinell lesing av skjema.

Forklaring på ein del omgrep som blir brukt i skjemaet

Driftseining: Verksemid med jordbruksdrift inkludert husdyrhald og hagebruk. Driftseininga skal omfatte alt som vert drive som ei eining, medrekna leigd jordbruksareal, og er uavhengig av kommunegrenser.

På hovudskjemaet skal det og givast opplysningar om produktivt skogareal og anna landareal som er eigd av brukar(ane) og vert drive saman med driftseininga.

Hovudbruket: Den del av driftseininga der brukar(ane) bur og/eller der den/dei viktigaste driftsbygningane er plasserte.

Hovudbruket er identifisert ved eit eintydig hovudnummer (kommunenr., gardsnr., bruksnr., festenr. og løpenr.). For dei som søker produksjonstilkott, vil hovudbruket vere den landbrukseigedommen som ligg til grunn for denne søknaden.

Brukar(ane): Den/dei som er ansvarleg for drifta av driftseininga.

Eigar: Den/dei som har tinglyst skøyte på hovudbruket.

Leigar: Den/dei som leiger/forpaktar hovudbruket.

Jordbruksareal i drift: Omfattar alt eigd og leigd jordbruksareal i drift på driftseininga, inkludert eittårig brakk. Som jordbruksareal rekna fulldyrka jord, overflatedyrka jord og anna innmarksbeite.

Fulldyrka jord: Areal som er dyrka til vanleg pløyedjupn og som kan fornyast ved pløyning.

Overfatedyrka jord: Areal som for det meste er rydda og jamna i overflata slik at maskinell hausting er mogleg.

Anna innmarksbeite: Areal som blir nytta som beite eller som blir hausta på annan måte, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50 prosent av arealet skal vere dekka av grasartar. Arealet skal vere avgrensa av gjerde med mindre området har naturlege avgrensingar som elv, vatn, fjell mv.

Jordleige: Gjeld forpaking og leige av tilleggsjord.

Tilleggsnæring: Aktivitet som utnyttar driftseininga sine areal, bygningar og/eller maskinar. Vidare krevst det at næringsaktiviteten skal gi inntekt og/eller sysselsetjing for brukar(ane) og/eller deira familiemedlemmer.

Familiemedlemmer: Slektningar i rett opp- eller nedstigande linje og sysken av brukar(ane).

Fast arbeidshjelp: Personar (utanom familiemedlemmer) som har arbeidd på driftseininga kvar veke heile eller delar av året (t.d. sommarhalvåret) uansett talet på arbeidstimer pr. veke. Omfattar og avløysar tilsett i avløysarring eller avløysarlag.

Tilfeldig arbeidshjelp: Personar som har utført kortvarige arbeidsoppgåver som t.d. bærplukking, steinplukking og skogplanting.

Kvifor teljinga blir halde

I samsvar med vedtak i Stortinget hausten 1997, skal det haldast ei jordbrukssteljing i 1999. Teljinga vert administrert av Statistisk sentralbyrå.

Teljinga skal kaste lys over produksjonsgrunnlaget i jordbruket og gi data for driftsmessige, miljømessige og økonomiske forhold. Det gjeld både situasjonen på teljingstidspunktet og utviklinga over tid.

Lokal og sentral offentleg administrasjon, rettleiringstenesta, forskingsinstitusjonar, landbruket sine organisasjonar med fleire har interesse av teljingsresultata. Vidare er Noreg forplikta til å rapportere jordbruksstatistikk etter internasjonale avtalar.

Statistisk sentralbyrå utnyttar administrative datakjelder til erstatning for eiga datainnsamling der dette er praktisk mogleg. Hovudskjemaet til teljinga omfattar difor ikkje detaljerte spørsmål om arealbruk og tal husdyr. Desse opplysningane vert henta inn for dei fleste einingane frå Søknad om produksjonstilskott i jordbruket 31. juli 1999.

Lovheimel

Oppgåvene vert samla inn av Statistisk sentralbyrå med heimel i § 2-2 (1) i Lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå av 16. juni 1989 nr. 54 og Finansdepartementets delegasjonsbrev av 13. februar 1990. Dersom De meiner at De ikkje har plikt eller lovleg adgang til å gi oppgåver, kan De klage over påleget innan 3 veker. Klageretten gjeld ikkje spørsmålet om oppgåveplikta er rimeleg eller naudsynt.

Dersom De ikkje gir opplysningar innan utløpet av svarfristen, kan De ifølgje § 2-3 ileggjast tvangsmult.

Oppgåvene er undergitt teieplikt etter statistikklova § 2-4. Statistisk sentralbyrå vil bruke opplysningane til å utarbeide offisiell statistikk og til statistisk bruk for forsking og offentleg planlegging. Bruk av innsamla data vil skje i samsvar med krav stilt av Datatilsynet. Opplysningane vil bli tekne vare på og eventuelt tilinkjesgjorde på ein trygg måte.

Gjenomføring av teljinga

Statistisk sentralbyrå sender spørjeskjema til personar som ifølgje Landbruksregisteret er registrert som referanseperson på aktive driftseiningar i jordbruket.

Referansepersonen skal fylle ut skjemaet og sende det til landbruksforvaltninga i kommunen. Landbruksforvaltninga vil hjelpe Statistisk sentralbyrå ved teljinga. Skjema skal sendast frå kommunen til Statistisk sentralbyrå for vidare handsaming.

Ikkje oppgåvepliktig?

Dersom jordbruksdrifta har opphört eller har eit omfang som er mindre enn vilkåra som utløyser oppgåveplikt, skal skjemaet sendast tilbake til landbruksforvaltninga i kommunen med melding om dette.

Svarfrist

Oppgåvene skal sendast til den kommunale landbruksforvaltninga innan 20. august 1999. På hovudskjemaet er adressa til landbruksforvaltninga fylt ut på siste side. Brett skjemaet slik at dette feltet blir synleg i vindaugelet på svarkonvoluten. Svarkonvoluten er frankert av Statistisk sentralbyrå.

Grønt nummer

Det er oppretta eit grønt telefonnummer, **800 41 051**, som vil vere tilgjengeleg i perioden fram til 20. august. Her kan ein få hjelp til skjemautfyllinga og svar på andre spørsmål knytta til teljinga. Telefonen vil vere tilgjengeleg mandag til fredag mellom klokka 08.00 og 16.00. I perioden frå tysdag 27. juli til torsdag 19. august, vil den grøne telefonlinja vere ope fram til klokka 20.00 på tysdagar og torsdagar.

På Statistisk sentralbyrå sine internettsider vil det og vere informasjon om Jordbrukssteljing 1999. Adressa til desse sidene er <http://www.ssb.no/jt1999/>.

Kven skal gi oppgåve

Alle som fyller eitt eller fleire av følgjande vilkår skal gi oppgåve:

- | | |
|------------------------|--|
| 1. Alle som driv minst | 5 dekar jordbruksareal |
| 2. " " " " | 300 m ² veksthusareal |
| 3. " " " " | 2 dekar grønsaker på friland |
| 4. " " " " | 1 dekar med frukttre |
| 5. " " " " | 1 dekar jordbærareal |
| 6. " " " " | 1 dekar bringebærareal |
| 7. " " " " | 1 dekar solbærareal |
| 8. " " " " | 1 dekar planteskule |
| 9. Alle med minst | 10 storfe, medrekna kalvar |
| 10. " " " | 25 sauher over 1 år |
| 11. " " " | 10 geiter over 1 år |
| 12. " " " | 5 alssvin og/eller 200 andre svin |
| 13. " " " | 1000 høner og/eller kyllingar påsett til verpehøns |
| 14. " " " | 5000 slaktekyllingar |

Det er den/dei som er ansvarleg for drifta som skal gi oppgåve. På skjemaet vert omgrepet *brukar(ane)* nyttta for den/dei som er ansvarleg for drifta. Det skal for enkelte spørsmål givast opplysningar og for ektefelle/sambuar, sjølv om vedkomande ikkje deltek aktivt i drifta. Personar som har inngått registrert partnarskap, skal fylle ut skjemaet på same måte som ektepar.

Ektefellar/sambuarar som driv kvart sitt bruk, skal som hovudregel fylle ut felles skjema.

Den delen av driftseininga der brukar(ane) bur og/eller der dei viktigaste driftsbygningane er plasserte, vert kalla *hovudbruket*.

Landbruksregisteret

Landbruksregisteret dannar grunnlag for førehandsutfylling av namn, adresse mv. Registeret omfattar alle landbrukseigedommar, driftseiningar i jordbruket og personar som er knytte til desse einingane som eigalar og/eller brukarar. Dersom det er søkt om produksjonstilskott eller levert slakt, korn mv. i 1998, er driftseininga koda som aktiv i Landbruksregisteret. Alle driftseiningane som var koda aktive i mai 1999, får tilsendt hovudskjemaet.

På grunn av noko etterslep i oppdateringa av Landbruksregisteret, vil ein del av dei som mottek skjema for jordbrukssteljinga ikkje vere aktive i dag.

Kva skjema som skal fyllast ut

Det er 3 ulike skjema for Jordbrukssteljing 1999:

Skjema 1. Hovudskjema

Alle som er oppgåvepliktige til teljinga skal fylle ut hovudskjemaet.

Skjema 2. Gartneri- og hagebruksskjema

Alle som oppfyller minst eitt av krava i punkta 2-8 i "Kven skal gi oppgåve", skal i tillegg gi oppgåve til gartneri- og hagebruksteljinga.

Gartneri- og hagebruksskjemaet blir ikkje sendt direkte til brukar(ane). Dei som er pliktige til å gi oppgåve vil bli kontakta av landbruksforvaltninga i kommunen i samband med innhenting av opplysningar.

Skjema 3. Tilleggsskjema for driftseiningar som ikkje søker om produksjonstilskott

Alle som er oppgåvepliktige til teljinga, men som ikkje søker om produksjonstilskott 31. juli 1999, skal fylle ut eit tilleggsskjema saman med hovudskjemaet. Tilleggsskjemaet inneheld spørsmål om talet på husdyr og bruken av areal. Dette skjemaet er vedlagt til brukarar som ikkje sökte om produksjonstilskott korkje 31. juli 1998 eller 31. desember 1998. Skjemaet kan og fåast ved å kontakte Statistisk sentralbyrå eller landbruksforvaltninga i kommunen.

Forpakting, samdrift og felles areal

Ved forpakting og generasjonsskifte skal opplysningar om driftsbygningar, maskinar og utstyr som vert disponert i drifta givast opp av brukar(ane), uavhengig av eigarforhold.

For samdrift med mjølkeproduksjon på ku og/eller geit, skal det som vert disponert av samdrifta, førast på skjemaet til samdrifta, og det som vert disponert av den enkelte deltakar førast på hans eller hennar skjema.

For samdrift med berre planteproduksjon, der deltakarane ikkje har oppgåvepliktig jordbruksproduksjon utanom samdrifta, skal driftsbygningar, maskinar og reiskap som samdrifta disponerer, førast på skjemaet for samdrifta.

Med *fellesbeite* meinast felles beitetiltak og stell av dyra i beitetida. Deltakarar i fellesbeite eig sine eigne dyr, men beiteområdet kan vere eigg/innleigd i fellesskap. Areal av fellesbeite skal fordelast på deltakarane, og førast som eigg eller leigd areal.

Skjema 1. Hovudskjema

Generelle opplysningar, eigedomsforhold og areal

Opplysningar om brukar(ane) - namn, adresse mv.

Skjemaet er utfylt med namn, adresse mv. Sjå til at denne utfyllinga er korrekt og fullstendig. Dersom det vert oppdagat feil eller ufullstendig utfylling, skal dette rettast ved enkel overstryking, og korrekte opplysningar skal skrivast i riktig felt.

Ved brukarskifte skal opplysningane på det utfylte skjemaet endrast, eller det må fyllast ut eit nytt skjema.

Dersom det må fyllast ut eit nytt (blankt) skjema, er det viktig at gards- og bruksnummer for hovudbruket og brukar(ane) sine fødselsnummer vert skrive korrekt. Dersom eininga er registrert med organisasjonsnummer, skal dette førast på skjemaet. Organisasjonsnummeret er å finne på blant anna oppgåvene for meirverdiavgift.

Enkeltpersonar og ektepar/sambuarar:

Det er sett av plass til namn og fødselsnummer for to brukarar. *Det skal alltid givast opp fødselsnummer for referansepersonen.*

Dersom referansepersonen driv bruket saman med sysken eller familiemedlemmer, skal ikkje desse personane førast opp som brukarar, sjølv om dei driv bruket saman. I slike tilfelle skal skjemaet fyllast ut i namnet til den som har hovudansvaret for verksemda, og hans/hennar eventuelle ektefelle/sambuar skal førast opp. Dersom ansvaret er likt fordelt mellom sysken, skal den eldste reknast som referanseperson.

Andre brukarar:

Omfattar brukarar som er registrerte som ansvarleg selskap, aksjeselskap, stifting, institusjon, dødsbu e.l., samt driftseiningar drive av stat, fylkeskommune, kommune mv. Namn på verksemda skal førast i rubrikken for referanseperson. Organisasjonsnummer skal påførast.

1. Kryss av for om brukar(ane) er:

Enkeltperson, ektepar/sambuarar (enkeltmannsføretak):

Her skal alle driftseiningar der enkeltpersonar eller ektefellar er ansvarlege for drifta førast. Personar som sit i usikta bu, skal og krysse av for dette alternativet.

Driftseining som vert driven av fleire medlemmer av same familie, kryssar av for enkeltperson dersom driftsfellesskapet ikkje er registrert som ansvarleg selskap eller aksjeselskap. Som familiemedlemmer reknast i denne samanheng slektningar i rett opp- eller nedstigande linje og sysken.

Ansvarleg selskap (samdrift):

Omfattar driftseiningar som er registrert som *ansvarleg selskap* (ANS) eller selskap med *delt ansvar* (DA).

Anna:

Omfattar driftseiningar som ikkje er enkeltmannsføretak eller ansvarleg selskap. Dette gjeld driftseiningar drive av *aksjeselskap, stat, fylkeskommune, kommune, institusjon, stifting, dødsbu mv.*

2. Eig brukar(ane) hovudbruket?

Som eigrar reknast:

- Alle som har tinglyst skøyte på eigedommen, og attlevande ektefelle i uskifta bu
- Alle som har kjøpt eigedom på tvangsausjon stadfesta av namsretten, sjølv om kjøparen enno ikkje har fått tinglyst skøyte i sitt namn

5. Kva år fekk brukar(ane) egedomsrett til hovudbruket?

Spørsmålet skal berre svarast på dersom brukar(ane) eig hovudbruket.

- For eigrar med skøyte, inkludert attlevande ektefelle i uskifta bu, skal det året då tinglyst skøyte blei gitt for hovudbruket givast opp.
- For eigedom kjøpt på tvangsausjon, skal det året namsretten stadfesta auksjonsforretninga givast opp.

9. Gi opp areal som brukar(ane) eig. Dekar

Omfattar areal i kommunen der hovudbruket ligg og i eventuelt andre kommunar. Det skal givast opplysningar om alle landbrukseigedommar brukar(ane) eig saman eller kvar for seg, og som inngår i driftseininga. Jordbruksareal som brukar(ane) eig saman med andre, for eksempel fellesbeite, skal førast opp med eigid del av fellesbeitet.

Areal som brukar(ane) eig i kommunen der hovudbruket ligg, skal givast opp i den venstre kolonna. På skjema som er utfylt på førehand, vil kommunenamnet vere skrive over denne kolonnen.

Areal som brukar(ane) eig i andre kommunar, skal givast opp i den høgre kolonna. Areala skal inngå i driftseininga. Før opp kommunenamn eller kommunenummer for den/dei aktuelle kommunane. Dersom brukar(ane) eig areal i meir enn ein annan kommune, skal summen av arealet førast i høgre kolonne.

Dersom brukar(ane), åleine eller saman med andre, eig landbrukseigedom som ikkje inngår i driftseininga, skal dette arealet *ikkje* givast opp som eigid areal.

Areal som er bortfesta for minst 20 år, skal ikkje takast med av eigar, men av den som festar eller bygslar arealet. Areal av vatn skal ikkje takast med. Dersom ein ikkje har sikre arealoppgåver, skal arealopplysningane givast opp etter beste skjønn.

Jordbruksareal omfattar fulldyrka jord og overflatedyrka jord som er i drift, eller som utan nybrottsliknande arbeid kan takast i bruk

att som jordbruksareal. Anna innmarksbeite som er i bruk (beite som ikkje er fullstendig rydda), reknast og som jordbruksareal. Ta og med eigid del av felles jordbruksareal, for eksempel fellesbeite.

Plen, prydhage, hustomter, tunareal, vegar mv. skal førast som anna areal.

Produktivt skogareal omfattar areal som i gjennomsnitt for ein normal omløpsperiode kan produsere minst $0,1 \text{ m}^3$ trevirke pr. dekar og år ($H_{40} > 5$), når arealet er tilvakse med eit treslag som passar for vekstforholda på staden. Ver merksam på at det er *arealet si produksjonsevne* som skal leggast til grunn, uansett noverande produksjon og om høvet til å ta ut virke i dag.

Areal med produksjon av juletre og pyntegrønt reknast som produktivt skogareal.

Skogareal som har ei produksjonsevne mindre enn $0,1 \text{ m}^3$ pr. dekar, skal førast som anna areal.

Anna areal omfattar alt landareal utanom jordbruksareal og produktivt skogareal. Areal av vatn skal ikkje takast med. Arealytypar som skal førast som anna areal er myr, bart fjell, ur og anna fastmarksareal. Vidare omfattar anna areal plen, prydhage, hustomter, tunareal, vegar, kraftgater, opne grøfter og kanalar, masseuttak for grus mv. Permanente campingplassar, areal for utleiehytter og golfbaner reknast og som anna areal.

11. Jordbruksareal som brukar(ane) leiger

Alt innleidd jordbruksareal skal vere med, uansett om det vert ytt godtgjerdsla eller ikkje. Som jordleige reknast både forpakting og leige av tilleggsjord. Areal som er festa eller bygsla for minst 20 år, skal ikkje givast opp her, men førast som eigid areal.

12. Betaling for innleidt jordbruksareal i 1999

Gi opp samla betaling for innleidt jordbruksareal, og ikkje beløp pr. dekar. Eventuell del av forpaktings-/leigeavgifta som gjeld driftsbygningar, maskinar mv., skal ikkje vere med i beløpet som vert gitt opp. Dersom leiga vert betalt med anna enn pengar, skal verdi av godtgjerdsla førast opp.

14. Jordbruksareal i drift, medrekna leidt areal

Jordbruksareal i drift omfattar alt eigt og leidt jordbruksareal i drift på driftseininga. Driftseininga sin del av fellesbeite og jordbruksareal som ligg som *eittårig brakk* skal og takast med. Med *eittårig brakk* meinast alt areal av open åker der det ikkje blir teke avling i 1999, men som er tenkt hausta neste år. Årsaker til at arealet er brakka, kan vere grøfting, ugraskamp, flaumskade mv. Nydryka areal som ikkje er teke i bruk, reknast og som brakka.

Jordbruksareal i drift skal tilsvare arealet som blir gitt opp til å vere i drift ved Søknad om produksjonstilskott 31. juli 1999. Dei som ikkje søker om produksjonstilskott, skal gi opplysningar om bruk av jordbruksarealet på tilleggsskjemaet. Dette skjemaet er vedlagt til brukarar som ikkje søker om produksjonstilskott 31. juli 1998 eller 31. desember 1998. Tilleggsskjemaet kan fåast ved å kontakte Statistisk sentralbyrå eller landbruksforvaltninga i kommunen.

15. Kor mange teigar og jordstykke består jordbruksarealet av?

Med **teig** meinast jordbruksareal som er heilt omslutta av areal tilhøyrande andre eigedommar. Dersom offentleg veg eller jernbane deler ein eigedom i fleire delar, skal dette som hovudregel ikkje reknast som teigar.

Ein **teig** består av *eitt eller fleire jordstykke*.


Med **jordstykke** meinast samanhengande jordbruksareal som er avgrensa av veg, bekk, skog mv.

Nedanfor er det gitt to eksempel for å illustrere utfylling av spørsmåla om teigar og jordstykke.


Eksempel 1 viser ei driftseining som består av hovudbruket og ein leigd eigedom. Teigen på hovudbruket vert delt av veg og bekk, og består av fire jordstykke. Den leigde eigedommen vert og delt av vegen, og består av to jordstykke. Pila indikerer avstand frå tunet på hovudbruket til det jordstykket som ligg lengst unna.

På spørsmål 15 vil dette gi følgjande utfylling:

	Tal teigar	Tal jordstykke
Hovudbrukets jordbruksareal i drift	1	4
Anna eigeleigd jordbruksareal i drift	1	2




Leigd teig



Eksempel 2 viser ei driftseining som består av hovudbruket som er delt i to teigar av ein mellomliggende teig som tilhøyrer ein annan eigedom. Pila indikerer avstand frå tunet på hovudbruket til det jordstykket som ligg lengst unna.

På spørsmål 15 vil dette gi følgjande utfylling:

	Tal teigar	Tal jordstykke
Hovudbrukets jordbruksareal i drift	2	2
Anna eigeleigd jordbruksareal i drift	1	2



16. Kor lang køyreveg er det frå tunet på hovudbruket til det jordstykket som ligg lengst unna?

Gi opp kor mange kilometer det er frå tunet på hovudbruket til innkøring til jordstykket i drift som ligg lengst unna, uavhengig av om jordstykket er eigeleigd eller leigd. Dersom driftseininga berre består av eitt eller fleire jordstykke som ligg inntil tunet, reknast det ikkje nokon avstand.

17-18. Grøfting av jordbruksareal. 5-årsperioden 1994-1998

Før opp grøfting av både eigeleigd og eventuelt forpakta eller leigd jord. Spørsmålet skal fyllast ut sjølv om det har vore eigarskifte eller om arealet ikkje har vore forpakta i heile perioden.

Med grøfting meinast areal som vart grøfta for første gong eller areal som planmessig eller gjennomgående vart grøfta om att fordi det gamle grøftesystemet ikkje fungerte lenger. Vedlikehald av eit eksisterande grøftesystem og profilering av myr skal og førast som grøfting.

For areal som er grøfta systematisk skal heile arealet takast med. For enkle grøfter gir ein opp arealet som det er oppnådd tørrleggingseffekt på ved å multiplisere grøftelengda med tørrlagt breidde, vanlegvis 6-12 meter.

19-20. Nydyrkning. 5-årsperioden 1994-1998

Før opp nydyrkning av både eigd og eventuelt forpakta eller leigd jord. Dette gjeld sjølv om det har vore eigarskifte eller om arealet ikkje har vore forpakta i heile perioden.

For anna innmarksbeite er det areal som har blitt rydda eller istandsett i femårsperioden, som skal førast opp.

Anna innmarksbeite som har blitt overflatedyrka eller fulldyrka, og overflatedyrka jord som har blitt fulldyrka, skal og takast med som nydyrka areal.

21. Ulike arealtypar som har blitt dyrka opp/rydda

Areala oppgitt i spørsmål 20 skal fordelast etter kva arealtypar som har blitt dyrka opp eller rydda.

22-23. Jordbruksareal som er teke i bruk att i 5-årsperioden 1994-1998 etter å ha vore ute av drift i minst 2 år

Gjeld areal som er i drift i 1999, og omfattar både eigd og eventuelt forpakta eller leigd jord. Det skal ikkje takast omsyn til om det har vore eigarskifte eller om arealet ikkje har vore forpakta i heile perioden.

24. Handelsgjødsel tilført fulldyrka eng og korn og oljevekstar i 1998

Her skal forbruket av reint nitrogen (N, kvelstoff) og reint fosfor (P) pr. dekar givast opp. Forbruket skal givast opp som *gjennomsnitt* for dei fulldyrka engareaala til slått (silo/høy) og fulldyrka beite, og som *gjennomsnitt* for areaala av korn og oljevekstar til mogning. Det skal ikkje givast oppgåve for gjødsling av areal for engfrø til mogning. Tal kg nitrogen pr. dekar skal givast opp utan desimal. Tal kg fosfor pr. dekar skal givast med ein desimal.

Tabellar som viser nitrogen- og fosforinnhold i kg pr. dekar for dei mest vanleg brukte gjødselslagene:

Nitrogeninnhold, kg pr. dekar:

Gjødselslag	Kg gjødsel pr. dekar										
	20	30	40	50	60	70	80	90	100	110	120
Fullgjødsel 11-5-17	2	3	4	6	7	8	9	10	11	12	13
" 15-4-12	3	4	6	7	9	10	12	13	15	16	18
" 16-3-18	3	5	6	8	9	11	12	14	16	17	19
" 17-5-13	3	5	7	9	10	12	14	15	17	19	21
" 18-3-15	4	5	7	9	11	12	14	16	18	19	21
" 21-4-10	4	6	8	10	12	14	16	19	21	23	25
" 22-2-12	4	6	9	11	13	15	17	19	22	24	26
" 25-2-6	5	7	10	12	15	17	20	22	25	27	30
NPK mikro 6-5-20	1	2	2	3	4	4	5	5	6	7	7
NK 19-16	4	6	8	10	12	14	16	17	19	21	23
Kalksalpeter	3	5	6	8	9	11	12	14	16	19	18
Kalkammonsalpeter (Hydro KAS)	6	8	11	14	17	19	22	25	28	30	33
Urea 46 %	9	14	18	23	28	32	37	41	46	51	55

Fosforinnhold, kg pr. dekar:

Gjødselslag	Kg gjødsel pr. dekar										
	20	30	40	50	60	70	80	90	100	110	120
Fullgjødsel 11-5-17	0,9	1,4	1,8	2,3	2,8	3,2	3,7	4,1	4,6	5,1	5,5
" 15-4-12	0,7	1,1	1,4	1,8	2,2	2,5	2,9	3,2	3,6	4,0	4,3
" 16-3-18	0,5	0,8	1,0	1,3	1,6	1,8	2,1	2,3	2,6	2,9	3,1
" 17-5-13	0,9	1,4	1,8	2,3	2,8	3,2	3,7	4,1	4,6	5,1	5,5
" 18-3-15	0,5	0,8	1,0	1,3	1,6	1,8	2,1	2,3	2,6	2,9	3,1
" 21-4-10	0,7	1,1	1,4	1,8	2,2	2,5	2,9	3,2	3,6	4,0	4,3
" 22-2-12	0,3	0,5	0,7	0,9	1,0	1,2	1,4	1,5	1,7	1,9	2,2
" 25-2-6	0,3	0,5	0,6	0,8	1,0	1,1	1,3	1,4	1,6	1,8	1,9
NPK mikro 6-5-20	1,0	1,5	2,0	2,5	3,0	3,5	4,0	4,5	5,0	5,5	6,0
Hydro PK 5-17	0,9	1,4	1,9	2,4	2,8	3,3	3,8	4,2	4,7	5,2	5,6
Hydro P 8	1,6	2,3	3,1	3,9	4,7	5,5	6,2	7,0	7,8	8,6	9,4

25-26. Engareal fordelt på fulldyrka og overflate-dyrka eng og etter alder på enga

Arealopplysningane gjeld berre fulldyrka og overflatedyrka eng, og skal samsvare med arealopplysninga på Søknad om produksjons tilskott 31. juli 1999, eller arealopplysninga gitt på tilleggsskjema. Areal av grønforvekstar, medrekna eittårig raigras, frøeng og anna innmarksbeite skal ikkje takast med her.

Eng, 0-1 år gammal: Omfattar areal tilsådd i 1998 eller fram til 31. juli 1999. Areal som er pløgd opp og som skal tilsåast med engfrø, førast og opp.

Driftsbygningar

Alle bygningar som er i bruk som driftsbygning eller som er i slik stand at dei utan store påkostningar kan takast i bruk att som driftsbygning, skal takast med. Det skal givast opplysningar om alle driftsbygningar som vert disponerte i drifta. Stabbur reknast som driftsbygning dersom det hovudsakleg blir brukt som lager i tilknyting til gardsdrifta. For driftsbygning som er eigd/leidt av to eller fleire brukarar som kvar for seg fyller ut skjema til teljinga, skal grunnflata fordelast forholdsmessig på ein slik måte at ingen opplysningar vert gitt dobbelt.

Våningshus vert ikkje rekna som driftsbygning. Kårbustad, bustader for tilsette, skogshusvær, husvær for seterdrift, sjøbuer, utleigehytter, veksthus, pelsdyskjur, sagbruk o.l. skal heller ikkje takast med.

Driftsbygningar som er heilt ombygde til andre formål enn landbruk, skal ikkje takast med.

27. Driftsbygningar som vert disponerte på driftseininga

Grunnflat: Gi berre opp grunnflata sjølv om driftsbygningen har fleire etasjar. Gjødsellager og grovforsilo bygd inntil driftsbygning skal takast med saman med vedkomande driftsbygning. Frittståande gjødselkum skal ikkje takast med.

Byggjeår: Gjeld byggjeår for den eldste delen av bygningen. Dersom eksakt byggjeår ikkje er kjent, skal antatt byggjeår førast opp.

Siste år ombygd eller påbygd: Gi opp siste år som det er sett i verk ombygging eller påbygging. Som ombygging/påbygging reknast investeringar som blir aktiverte i status. Vedlikehaldsarbeid vert ikkje rekna som ombygging.

Formål: Kryss av for kva formål driftsbygningen vert brukt til. For driftsbygningar eller delar av driftsbygningar som ikkje er i bruk, men som er i brukbar stand, skal det kryssast av for kva bygningane er innreidd eller bygd for.

Dersom det er fleire enn fem driftsbygningar på driftseininga, skal det givast detaljerte opplysningar om dei fem bygningane som er i bruk og/eller som har størst grunnflate.

30-31. Tørkeanlegg for korn og høy

Kalduftstørker for korn omfattar og kalduftstørker med tilsatsvarme, og tørke- eller luftesiloar med stor tørkekapasitet.

Anlegg som har både kalduftstørke og varmluftstørke skal førast som to enkeltanlegg.

Tørkeanlegg for høy er overbygde anlegg der vanleg friskluft eller oppvarma luft vert blåst gjennom høyet.

Tørkeanlegg som kan brukast til tørking av både høy og korn (kombinerte tørker), skal førast som to anlegg.

36. Lagring av husdyrgjødsel

Dersom det er fleire gjødsellager med same lagringsmåte på driftseininga, skal det givast opplysningar om lagerkapasitet for det lageret som må tømast oftast.

Maskinar og reiskap

Brukar(ane) fører opp maskinar og reiskap som dei disponerer. Dersom maskinar og reiskap er eigd saman med andre, fører dei enkelte eigarane opp sine delar. Maskinar og reiskap som er leidt eller lånt for ein kort periode, skal ikkje takast med.

39-40. Firehjulstraktorar

Det skal fyllast ut ei linje for kvar firehjulstraktor som brukar(ane) disponerer åleine eller saman med andre. Transportar og liknande spesialtraktorar for jordbruket skal og takast med. Traktoren sin motorstyrke skal givast opp i hk DIN. Motorstyrke som er gitt opp i kW, kan reknast om til hk DIN ved å multiplisere tal kW med 1,35. Motorstyrke som er gitt opp i hk SAE, kan reknast om til hk DIN ved å multiplisere hk SAE med 0,9.

Dersom det er fleire enn 5 traktorar på bruket, skal det på spørsmål 40 givast opplysningar for dei 5 traktorane som har blitt mest nytta i drifta dei siste 12 månadene. Bruk av traktoren omfattar all bruk innan jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer.

43. Åkersprøyte

Oppgi største arbeidsbreidde i meter for sprøytebommen.

44. Skurtreskar

Oppgi arbeidsbreidde i fot. 1 fot = 0,3 meter.

46-48. Leigekøyring, innleige og maskinsamarbeid

Gjeld all leigekøyring, innleige og maskinsamarbeid/bytearbeit med maskinar som hovudsakleg er nytta i jord- og hagebruk.

Maskinsamarbeid/bytearbeit der det vert utrekna eit visst økonomisk sluttoppgjer fordi deltakarane ikkje har ytt like mykje i samarbeidet, skal og førast i spørsmål 48.

52. Vasskjelder

Med grunnvatn som vasskjelde skal det reknast vatn som vert pumpa opp frå vassførande lag i grunnen.

Dersom vatnet vert teke frå for eksempel kunstig dam eller frå offentleg vassforsyning, skal det kryssast av for den opphavlege vasskjelda (elv, bekk, innsjø, grunnvatn).

Utdanning, tilleggsnæringer, arbeidsforbruk

54. Landbruksutdanning

Sjølv om ektefelle/sambuar ikkje deltek i gardsdrifta, skal det givast opplysning om utdanning.

Med landbruksutdanning meinast kurs som har vara i minst 5 månader innanfor jordbruk, husdyrbruk, hagebruk eller skogbruk. Brevskulekurs som svarer til minst 5 månaders fagskule, skal takast med.

55-56. Tilleggsnæringer - utnytting av driftseininga sine ressursar

Med tilleggsnæringer i regi av brukar(ane) meinast aktivitetar som utnyttar driftseininga sine areal, bygningar og/eller maskinar. Vidare krevst det at tilleggsnæringera skal gi inntekt og/eller sysselsetjing for brukar(ane) og/eller deira familiemedlemmer.

Næringsverksemdu utan direkte tilknyting til driftseininga, for eksempel ein butikk der det ikkje vert selt eigne produkt, reknast ikkje som tilleggsnæringer i denne samanheng.

Omgrepet tilleggsnæringer rommar mange former for næringsverksemdu. På skjemaet er ein del tilleggsnæringer skrivne opp, men det er og sett av plass der brukar(ane) kan gi opp andre tilleggsnæringer. Nedanfor er det gitt eksempel på nokre andre tilleggsnæringer:

- sal av eigenproduserte jordbruksprodukt direkte til forbrukar (gardsbutikk mv.)
- bearbeiding av jordbruksprodukt for sal (ysting, speking o.l.)
- nye biologiske driftsformer, f.eks. soppdyrkning, spireproduksjon o.a.
- grøn omsorg (behandlingstilbod)
- rideskule

Tilleggsnæringerane kan i enkelte tilfelle ha eit stort omfang. For nokre brukarar kan tilleggsnæringer vere viktigare enn sjøve jordbruksdrifta, og det kan vere vanskeleg å avgjere om næringa skal defineraast som ei tilleggsnæringer.

57. Brukarane sitt arbeidsforbruk på og utanom driftseininga

Sjølv om ektefelle/sambuar ikkje deltek i gardsdrifta, skal det givast opplysning om denne sitt arbeid utanom driftseininga.

For tilsette innan industri og tenesteyting utgjer eit årsverk ca. 1 750 timer. Eit halvt årsverk utgjer dermed 875 timer.

Arbeidsforbruk på driftseininga:

Oppgåve over arbeidsforbruk skal givast etter beste skjøn. Det er ikkje utrekna arbeidsforbruk basert på normerte timeverk som skal givast opp, men den faktiske arbeidsinnsatsen. Det er naturleg å ta

utgangspunkt i talet på arbeidsdagar og gjennomsnittleg arbeidstid pr. dag. I løpet av eit år er det ca. 300 kvardagar (medrekna laurdagar) og ca. 65 helgedagar. Når ein reknar arbeidsforbruket på denne måten, må ein huske på å gjere frådrag for ferie, fritid, sjukdom mv.

Arbeidsforbruket på nyanlegg og til vedlikehald skal takast med. Utført bytearbeid for andre skal førast som arbeid på eiga driftseining, medan motteke bytearbeid ikkje skal givast opp.

Tid til stell av plen og prydhage mv. og husarbeid skal *ikkje* reknast med i arbeidstida.

Arbeidsforbruk i tilleggsnæringer skal førast i eigen rubrikk. Sjá definisjon av tilleggsnæringer under spørsmål 55-56.

Arbeid utanom driftseininga:

Før opp talet på timer som tilsett eller som sjølvstendig næringsdrivande utanom driftseininga. Det skal givast timeverk for både heilårsarbeid og tilfeldig arbeid/sesongarbeid.

59. Arbeidshjelp på driftseininga siste 12 månader

Oppgåva skal omfatte både lønna og ulønna arbeidshjelp som har arbeidd for brukar(ane) i løpet av dei siste 12 månadene.

For familiemedlemmer og fast arbeidshjelp er det høve til å gi oppgåve for inntil 5 personar. Arbeidsinnsatsen for den enkelte person skal fordelast på jord- og hagebruk, skogbruk og tilleggsnæringer. Dersom det er vanskeleg eller umogleg å skilje arbeidsinnsatsen på ein slik måte, skal personen førast opp med samla arbeidsinnsats der vedkomande har arbeidd mest. Dersom brukar(ane) har hatt fleire enn 5 familiemedlemmer/fast arbeidshjelp i arbeid, skal dei overskytande personane førast som tilfeldig hjelp. Fast avløysar skal førast som fast arbeidshjelp, sjølv om denne formelt er tilsett av avløysarlag/avløysarring.

For tilfeldig hjelp skal timeverk førast samla for høvesvis menn og kvinner. Arbeidsinnsatsen skal fordelast på jord- og hagebruk, skogbruk og tilleggsnæringer. Gi opp talet på menn og talet på kvinner som oppgåva over timeverk gjeld for.

60-61. Innleide av sjølvstendig næringsdrivande eller firma til arbeid i jordbruk og hagebruk på driftseininga

Arbeid innan jordbruk og hagebruk mot betaling utført på timebasis eller akkord av entreprenør, annan gardbrukar, handverkar mv. skal takast med her. For akkordarbeid kan det vere vanskeleg å gi eit overslag over talet på timeverk, og ein må då nytte skjøn. Arbeid på våningshus, kårbustad og anna arbeid som ikkje gjeld drifta, skal *ikkje* takast med.

Merk at for eksempel ein nabobrukarsom blir leigd inn til køyring i samband med jordbruksdrifta, skal førast her. Eventuelt bytearbeid skal ikkje takast med her, jf. spørsmål 57.

Innleid arbeidskraft i skogen skal *ikkje* takast med.

Tidlegare utgitt på emneområdet

Previously issued on the subject

Noregs offisielle statistikk (NOS)

Den første særskilde jordbrukssteljinga blei halden i 1907. Jordbrukssteljingar er seinare gjennomførte i 1918, 1929, og deretter kvart tiande år til og med 1969. I 1979 og 1989 blei det halde kombinerte jord- og skogbrukssteljingar.

Landbrukssteljing 1979 Hefte I - VII

Landbrukssteljing 1989 Hefte I - VII

Årlege representative areal- og husdyrteljingar for åra mellom dei fullstendige teljingane kom i gong frå 1923. Frå 1923 til 1936 blei resultata publiserte i NOS Landbruksareal og husdyrhald mv. Frå 1937 er vanleg jordbruksstatistikk blitt publisert i NOS Jordbruksstatistikk. Frå 1947 blei desse teljingane utvida til å omfatte meir enn berre areal og husdyrhald.

Jordbruksstatistikk

B	954	1989
C	001	1990
C	71	1991
C	110	1992
C	193	1993
C	348	1995
C	456	1996
C	493	1997
C	560	1998
C	642	1999

Jordbruksstelling 1999

C	652	Vestfold
C	653	Buskerud
C	654	Telemark
C	655	Hedmark
C	656	Oppland
C	657	Østfold
C	658	Rogaland
C	659	Nord-Trøndelag
C	660	Akershus og Oslo
C	661	Møre og Romsdal
C	662	Vest-Agder
C	663	Aust-Agder
C	664	Nordland
C	665	Sør-Trøndelag
C	666	Sogn og Fjordane
C	667	Hordaland
C	668	Troms
C	669	Finnmark
C	670	Jordbrukssteljing 1999. Landshefte

Historisk statistikk 1978 Kap. V C 291

Historisk statistikk 1994 Kap. 14 C 188

Statistiske analysar (SA)

Naturressurser og Miljø
Nr. 2 og 3 1993 Kap. 5 Jordbruk
Nr. 6 og 7 1995 Kap. 5 Jordbruk
Nr. 9 og 10 1996 Kap. 5 Jordbruk
Nr. 16 og 17 1997 Kap. 6 Jordbruk
Nr. 23 og 26 1998 Kap. 7 Jordbruk
Nr. 29 og 30 1999 Kap. 7 Jordbruk
Nr. 34 og 37 2000 Kap. 3 Jordbruk

Produksjonsutviklinga i jordbruket 1925-1972

Norsk hagebruk 1969-1974
Driftsformer i jordbruket 1973

Alder og yrkeskombinasjonar i jordbruket 1972

Økonomiske analysar

Nr. 3/98	Inntektsfordeling og levekår i landbruket
Nr. 3/2000	Er det størrelsen det kommer an på? En analyse av gårdbrukernes inntektsstruktur
Nr. 8/2000	Inntektsutvikling for landbruksbefolkingen 1989-1995
Nr. 2/2001	Inntektsutviklingen i landbruket 1992-1997

Rapportar

Resultatkontroll jordbruk
Nr. 93/12 Tiltak mot avrenning av næringssalter og jorderosjon
Nr. 94/4 Tiltak mot avrenning av næringssalter og jorderosjon
Nr. 95/5 Gjennomføring av tiltak mot forurensninger
Nr. 96/3 Gjennomføring av tiltak mot forurensninger
Nr. 97/5 Gjennomføring av tiltak mot forurensninger
Nr. 98/5 Gjennomføring av tiltak mot forurensninger
Nr. 98/18 Inntektsfordelinga i den norske landbruksbefolkinga og fordelingseffektar av direkte støtteordningar
Nr. 99/12 Jordbruk og miljø, med vekt på gjennomføring av tiltak mot forurensninger
Nr. 2000/20 Jordbruk og miljø, med vekt på gjennomføring av tiltak mot forureining
Nr. 2000/14 Inntektsforholdene i landbruket: 1992-1997

Samfunnsspeilet

Nr. 2/89	Kvinner i landbruket
Nr. 3/90	Stadig flere bønder arbeider utenom bruket
Nr. 3/94	Jordbruket i Norge: Liten produksjon og små bruk
Nr. 2/98	Landbruksbefolkingens levekår: Ikke bare gøy på landet

Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk

Recent publications in the series Official Statistics of Norway

- C 632 National Accounts 1992-1999: Production, Uses and Employment. 2001. 153s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4875-2
- C 633 Sjøfart 1999 *Maritime Statistics 1999*. 2000. 109s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4876-0
- C 634 Classification of Economic Regions. 2001. 54s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4877-9
- C 635 Pleie- og omsorgsstatistikk 1999 *Nursing and Care Statistics 1999*. 2001. 67s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4878-7
- C 636 Varehandelsstatistikk 1998 *Wholesale and Retail Trade Statistics 1998*. 2001. 94s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4882-5
- C 637 Statistikk over eiendomsdrift, forretningsmessig tjenesteyting og uteleivirksomhet 1998 *Real Estate, Renting and Business Activities 1998*. 2001. 64s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4883-3
- C 638 Bygge- og anleggsstatistikk 1998 *Construction Statistics 1998*. 2001. 70s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4884-1
- C 639 Dødsårsaker 1997 *Causes of Death 1997*. 2001. 96s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4886-8
- C 640 Sosialhjelp og barnevern 1999 *Social Assistance and Child Welfare Statistics 1999*. 2001. 60s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4897-3
- C 641 Statistisk varefortegnelse for utenrikshandelen 2001. Tillegg til Månedssstatistikk over utenrikshandelen 2001. 2001. 188s. 190 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4898-1
- C 642 Jordbruksstatistikk 1999 *Agricultural Statistics 1999*. 2001. 122s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4905-8
- C 643 Commodity List External Trade 2001. Supplement to Monthly Bulletin of External Trade 2001. 2001. 153s. 190 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4906-6
- C 644 Kriminalstatistikk 1998 *Crime Statistics 1998*. 2001. 116s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4909-0
- C 645 Den individbaserte utdanningsstatistikken. Dokumentasjon 2000. 2001. 36s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4910-4
- C 646 Barnehager 1999 *Kindergartens 1999*. 2001. 56s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4911-2
- C 647 Olje- og gassvirksomhet 3. kvartal 2000. Statistikk og analyse *Oil and Gas Activity 3rd Quarter 2000. Statistics and Analysis*. 2001. 110s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4914-7
- C 648 Skogstatistikk 1999 *Forestry Statistics 1999*. 2001. 71s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4915-5
- C 649 Inntektsstatistikk for personer og familer 1993-1998 *Income Statistics for Persons and Families 1993-1998*. 2001. 67s. 140 kr inkl.mva. ISBN 82-537-4917-1
- C 650 Industristatistikk 1998. Næringstall *Manufacturing Statistics 1998. Industrial Figures*. 2001. 138s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4923-6
- C 651 Olje- og gassvirksomhet 4. kvartal 2001. Statistikk og analyse *Oil and Gas Activity 4th Quarter 2000. Statistics and Analysis*. 2001. 79s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4926-0
- C 652 Jordbruksstelling 1999. Vestfold. 2001. 85s. 50 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4931-7
- C 653 Jordbruksstelling 1999. Buskerud. 2001. 94s. 50 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4932-5
- C 654 Jordbruksstelling 1999. Telemark. 2001. 87s. 50 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4933-3
- C 655 Jordbruksstelling 1999. Hedmark. 2001. 95s. 50 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4934-1
- C 656 Jordbruksstelling 1999. Oppland. 2001. 107s. 50 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4936-8
- C 657 Jordbruksstelling 1999. Østfold. 2001. 88s. 50 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4937-6
- C 659 Jordbruksstelling 1999. Nord-Trøndelag. 2001. 95s. 50 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4939-2
- C 660 Jordbruksstelling 1999. Akershus og Oslo. 2001. 94s. 50 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4940-6